



Ein resignert Lars Johan Myklebust på Rosendal Stadion

Det vart ikkje opprykk for Rosendal med uskedelingane Lars Johan Myklebust og Tommy Røssland på laget. Dei måtte vinna over Solid frå Stord, men tapte 4-3 etter å ha lege under med 3-0 ved pause. Trener Myklebust gjorde ein solid innsats også som spelar, ikkje minst som organisator og skaut også mål nummer 3, men det samme kan ikkje seiast om Røssland.

Han sat i utgangspunktet på innbyttarbenken denne gongen, men vart sendt innpå i 2. omgang i håp om at han skulle vise styrken sin som målscarar. Men tvert i mot: I ein episode i det 73. minutt der han må ha mista hovudet fullstendig opptreide han slik at han vart utvist. Røssland vart felt i samband med eit frispark aom Vegard Ludvigsen laga mål på. Dermed måtte vertane spela med redusert mannskap. Tom Enes hadde æra for mål nummer 3.

Det var framfor alt ein nervøs og famlande innsats i første delen av kampen som førte

til tapet. Då fungerte lite for Rosendal, som berre hadde to skot i retning av mål.

Tribunen var godt fylt av eit forventningsfullt publikum, som måtte gå skuffa heim og må venta enda eitt år på opprykk til 4. divisjon.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Tommy Røsland, her på innbytterbenken som nummer 2 frå høgre, vart utvist.